


# Betydinga av oppvekstmiljø for fødeåtferd hjá lakseyngel



Hvordan forstå din fisk

**Masteroppgåve i Evolusjonær økologi**

**Anne Marte Fauske**



**Institutt for biologi  
Universitetet i Bergen**

## Forord

Først og fremst vil eg takke min hovudrettleiar Anne Gro Vea Salvanes for sitt engasjement, konstruktive tilbakemeldingar og støtte gjennom utforming av oppgåva. Takk til medrettleiar Knut Helge Jensen for svært god hjelp med den statistiske delen av oppgåva. Takk til dokke begge for at dokke alltid har vore positive og hjelpsame. Heikki Savolainen fortentar òg ein stor takk for hjelp med kreative løysingar til mine x antall pilotforsøk. Takk til Ingeborg og Silje for gode samtalar om laks (og andre ting) og pass av dei søte små fiskane våre.

Vidare må ein stor takk rettast til mine herlege venna i L-klassen. Tusen takk for fem fantastiske år med generelt dårleg humor og mange fine augeblikk. Lange dagar på lesesalen hadde ikkje vore det same utan dokke! #lektorlove

Takk til tvillingsysta for korrekturlesing. Eg vil òg takke vener og familie for at dokke har heia meg fram gjennom studietida. Til slutt vil eg takke min kjære Anders for alle støtte og omsorg du har vist meg det siste halvåret.

## Samandrag

Fisk nytta til styrking av populasjonar som veks opp hjå klekkeri, har vist seg å ha høgare dødelegheit enn vill fisk. Hovudårsakane til dette er svolt og predasjon. Med føremål å auke andelen fisk som overlev har ein i tidlegare studiar utført eksperiment og vist at oppvekst i eit rikare miljø kan gjere at fiskane får ei meir samansett åtferd som er betre tilpassa livet i naturen. I og med at å skaffe seg næring er heilt avgjerande for å overleve, er det interessant å studere om oppvekstmiljøet kan ha betydning for fødeåtferda hjå lakseyngel. Er fisk oppvaksne i eit rikare miljø flinkare til å takle overgangen frå før til levande byttedyr?

For å finne ut om oppvekstmiljøet har betydning for fødeåtferda til lakseyngel (*Salmo salar*) vart yngelen oppfostra anten i standard klekkerikar eller i kar som innehaldt strukturar, over ein periode på 15 veker. Uavhengig av oppvekstmiljø, hadde fiskane berre fått før fram til eksperimentstart, så ingen av dei hadde erfaring med levande byttedyr. Ved start vart to fisk frå same oppvekstmiljø plassert i ein testboks, saman med fem raude og fem kvite byttedyr. Metoden testa fødeåtferd ved å registrere antall attverande byttedyr og tid brukt på ulike åtferder i ni ulike tidsintervall over ein periode på seks timar.

Resultata visar at fisk som har vaksne opp i eit rikare oppvekstmiljø, er motvillige i starten, men flinkare til å ta byttedyr når dei først set i gong. Fisk frå umøblert oppvekstmiljø byrjar å ta byttedyr tidlegare, men har ei lågare stigning i antall byttedyr dei konsumerar. Eksperimentet viste òg trendar til at fleire testpar frå oppvekstmiljø med strukturar tek byttedyr enn testpar frå tomt oppvekstmiljø. Dette gjaldt også for konsum av raude byttedyr. Konsum av kvite byttedyr var ikkje avhengig av oppvekstmiljø. Gjennomsnittstida fiskane brukte på å symje i starten var høgare hjå fisk frå rikare oppvekstmiljø enn hjå fisk frå standard klekkerikar, men fisk frå standard klekkerikar hadde ei brattare stigning i kor mykje tid dei brukte på symjing.

Resultata tydar på at eit rikare oppvekstmiljø gjer fisk oppvaksne på klekkeri betre til å takle overgangen frå før til levande byttedyr. Dersom slik fisk vert sett ut i naturen, kan dette vere positivt for overleving, og dermed for effekt av utsetjing.

## Innholdsliste

<b>1. Introduksjon .....</b>	<b>3</b>
<b>1.1. Vossolaksen .....</b>	<b>3</b>
<b>1.2. Villfisk og klekkerifisk .....</b>	<b>4</b>
<b>1.3. Normal fødeåtferd for lakseyngel.....</b>	<b>5</b>
<b>1.4. Eit rikare oppvekstmiljø .....</b>	<b>6</b>
<b>1.5. Fødeåtferd i eit rikare oppvekstmiljø .....</b>	<b>7</b>
<b>2. Material og metode.....</b>	<b>10</b>
<b>2.1 Klekkeriet .....</b>	<b>10</b>
2.1.1 Forhold ved klekkeriet.....	10
2.1.2. Transportering til Institutt for Biologi .....	10
<b>2.2. Oppvekst .....</b>	<b>10</b>
2.2.1. Fôring .....	12
2.2.2. Tilsyn .....	12
2.2.3. Øvrig.....	13
<b>2.3. Eksperimentelt oppsett.....</b>	<b>13</b>
2.3.1. Piloteksperiment .....	13
2.3.2. Eksperiment .....	14
2.3.3. Byttedyr .....	18
2.3.4. Akklimatisering og gjennomføring .....	18
2.3.5. Innsamling av data.....	19
2.3.6. Avliving.....	19
<b>2.4. Analysane.....</b>	<b>20</b>
<b>2.4.1. Videoanalysering.....</b>	<b>20</b>
<b>2.4.2. Rådatasett.....</b>	<b>21</b>
<b>2.4.3. Statistisk analyse .....</b>	<b>23</b>
<b>3. Resultat.....</b>	<b>26</b>
<b>3.1. Fødeåtferd.....</b>	<b>26</b>
3.1.1. Kumulativ proporsjon byttedyr ete.....	26
3.1.2. Kumulativ proporsjon byttedyr ete i boksar kor fisken har ete .....	28
3.1.3. Proporsjon ete totalt.....	30
3.1.4. Proporsjon boksar kor fiskane har ete .....	32
<b>3.2. Tidsbruk og aktivitet .....</b>	<b>34</b>
<b>4. Diskusjon.....</b>	<b>38</b>

<b>4.1. Fødeåtfærd.....</b>	<b>38</b>
4.1.1. Kvite byttedyr.....	39
<b>4.2. Tidsbruk .....</b>	<b>40</b>
4.2.1. Symjing og frysing .....	40
4.2.2. Mild interaksjon.....	41
<b>4.3. Metode.....</b>	<b>42</b>
4.3.1. Byttedyr .....	42
4.3.2. Oppvekstperioden.....	42
4.3.3. Akklimatisering og eksperiment.....	43
4.3.4. Testboksane .....	43
<b>4.4. Konklusjon .....</b>	<b>44</b>
<b>5. Referansar .....</b>	<b>45</b>
<b>Vedlegg .....</b>	<b>47</b>

## 1. Introduksjon

Nøkkelelementet i evolusjonsteorien er naturleg seleksjon. Målet for eit kvart individ er i følge teorien å maksimere eigen fitness. Naturleg seleksjon handlar om at dei individa i ein populasjon som har dei best tilpassa eigenskapane vil overleve, og dermed vidareføre sine gen til neste generasjon.

Naturleg seleksjon vil favorisere dyr som er effektive når det gjeld beiting, val av mat og andre aktivitetar som omhandlar anskaffing av næring (Helfman et al., 2009). Det er heile tida ei avveging mellom fordelar og kostnader. Fordelar kjem i form av næringsstoff som blir inntatt, medan kostnader inkluderer energi som blir brukt, tid brukt på andre aktivitetar som paring eller eksponering for predatorar eller parasittar (Helfman et al., 2009).

Mench (1998) definerer åtferd som det dyr gjer for å vere i interaksjon med, respondere til og kontrollere miljøet sitt. Åtferd er den første responsen dei har på miljøendringar (Mench, 1998). Naturleg seleksjon vil over tid favorisere dei dyra som utviser åtferd som er mest tilpassa omgivnadane sine. Korleis blir dette dersom dyr som har vakse opp i fangenskap sleppast ut i naturen? Gjennom oppdrett vil fleire individ overleve enn naturen hadde tillate (Salvanes and Braithwaite, 2005). Denne problemstillinga er sentral hjå fisk, der det ofte er vanleg å nytte oppdrett for blant anna styrking av populasjonar. Å forstå korleis åtferda til fisk er i det naturlege habitatet er svært viktig for å sørge for at individa som blir nytta til oppdrett, utviklar den same komplekse åtferda, og dermed er godt nok tilpassa miljøet til å integrerast og overleve.

### 1.1. Vossolaksen

Laks (*Salmo salar*) er ein anadrom art, som inneber at dei tilbringar delar av livet i ferskvatn og delar av livet i saltvatn. Dei oppheld seg i ferskvatn i elver i den første delen av livet for oppvekstfasa, før dei migrerer til sjøen for beiting og vekst (Mills, 1989). Etter nokre år i havet, vandrar dei opp igjen til elva dei stammar frå for å gyte (Mills, 1989). Vassdraga til laksebestandane på Voss er relativt isolert frå kvarandre, slik at det skjer minimalt med utveksling av gen frå andre laksebestandar (Barlaup, 2013). Dette har gjort at laksen i Vossovassdraget har kunna tilpassa seg forholda over lang tid og utvikla spesielle karakteristikkar som at den har lange opphald i sjøen og er spesielt stor (Barlaup, 2013).

På slutten av 1980-talet opplevde bestanden av Vossolaks ein så kraftig nedgang at det vart avgjort å frede fisken i håp om at bestanden skulle ta seg opp igjen (Barlaup, 2013). Det har vore diskutert fleire årsakar til bestandkollapsen, blant anna overfiske og rømte

oppdrettslaks. Då bestanden ikkje tok seg opp av seg sjølv vart redningsaksjonen for vossolaksen satt i gang (Barlaup, 2013). Redningsaksjonen pågår frå 2010 til 2020. Det er vanlig å nytte slike reintroduksjonsprogram for å styrke bestandar. Dette blir ofte gjort ved oppfostring og utsetjing av rogn, yngel og smolt frå klekkeri (Brown and Day, 2002). Vossolaksen vart tatt vare på i den nasjonale genbanken og redningsaksjonen nyttar dette materiale til å produsere rogn, yngel og smolt ved klekkeri og setje dei ut i elvene.

## 1.2. Villfisk og klekkerifisk

Klekkerifisk definerast som fisk som er oppvaks kunstig i eit konserverings- eller produksjonsklekkeri (Myers et al., 2004), medan villfisk definerast som fisk oppvaks i naturen. Oppfostring av dyr i fangenskap har fleire formål, blant anna nyttast dei til kjøtproduksjon, som forsøksdyr eller til styrking av populasjonar i naturen (Näslund et al., 2012). Klekkeri blir ofte nytta i reintroduksjonsprogram. For å oppnå suksess med eit reintroduksjonsprogram må dødelegheitsrata ved klekkeria vere låg, og programmet må sørge for å produsere fisk som vil overleve og reprodusere seg i naturen (Reading et al., 2013). Målsetjinga til klekkeri er dermed å produsere store mengder fisk for å kunne styrke allereie eksisterande populasjonar.

Fisk som veks opp på klekkeri blir vanlegvis oppfostra i store, enkle kar der fokuset er på rask produksjon av store mengder fisk (Näslund et al., 2012, Moberg et al., 2011). Denne forma for oppdrett av fisk har vore diskutert, der hovudtemaet er om klekkeria fungerer eller om dei kan skade fiskebestandane ein prøvar å styrke (Hilborn and Winton, 1993). Dersom fiskane som blir sett ut i naturen er svært forskjellige frå fiskane i bestanden dei skal styrke, kan det i verste fall få øydeleggande konsekvensar, der bestanden av vill laks kan minke eller bli utrydda medan klekkerifisk består (Myers et al., 2004). Klekkerifisk som blir satt ut skal i hovudsak fungere som eit supplement for styrking av bestanden som allereie er til stades, og ikkje som ei erstatning. Det er difor avgjerande at morfologi, fysiologi og åtferd er så likt som mogleg mellom villfisk og klekkerifisk. Tidlegare studiar har vist at desse komponentane ikkje alltid er heilt like (Einum and Fleming, 2001, Weber and Fausch, 2003). I tillegg viser det seg at dødelegheita blant fisk som har vokse opp på klekkeri er høgare enn blant villfisk (Brown and Laland, 2001, Brown et al., 2003, Støttrup et al., 2002, Einum and Fleming, 2001, Olla et al., 1998). Det er i perioden rett etter utsetjing at mange av fiskane dør, normalt som følgje av svolt og predasjon (Brown and Day, 2002). Dette reduserer effekten av utsetjing av fisk. Vidare stammar vanlegvis fisk som blir nytta på klekkeri frå lokale

bestandar, ved å ha vore bevart i genbankar (Moberg et al., 2011). Dermed kan det vere grunn til å tru at årsaken til dei store forskjellane mellom villfisk og fisk frå klekkeri, stammar frå tilhøva som fisken veks opp i på klekkeri (Moberg et al., 2011).

Reintroduksjonsprogram, i samarbeid med klekkeri, bør ha som mål å produsere fisk som har same genotype og fenotype som villfisk av same art. For å oppnå det må ein prøve å etterlikne det naturlege habitatet til fisken. Dette byr på utfordringar når ein skal oppfostre fisk *ex-situ*, i klekkeri på land. Å skape eit heilt identisk oppvekstmiljø for fisk på klekkeri er utfordrande, men nokre komponentar kan endrast i dagens oppvekstmiljø på klekkeri. Moberg og kollega (2011) foreslår å etterlikne eit naturleg miljø i klekkeri, for å auke overlevingsrata ved utsetjing. Det er store forskjellar blant forholda ved klekkeri og det naturlege habitatet til fisk. Klekkeri byr vanlegvis på oppvekstkar som er store og tomme, med høg tettleik av fisk, kontinuerleg tilgang på fôr og svært lavt seleksjonspress (Salvanes and Braithwaite, 2006). I motsetning vil dei fleste naturlege habitata til fisk vere rikt på variasjon i omgivnadane slik at fiskane kan finne skjulestadar og ha seleksjonspress i form av predatorar. Vill fisk vil også måtte søkje etter byttedyr for å skaffe seg næring. Eit kunstig oppvekstmiljø, som på klekkeri, kan påverke åtferda ved at dei er isolerte frå naturlege stimuli (Garner, 2005). Fisk på klekkeri er ikkje utsatt for predasjon, noko som kan medføre ei dristigare åtferd enn ynskjeleg (Roberts et al., 2011).

### 1.3. Normal fødeåtferd for lakseyngel

Fisk som er mest effektive til å finne og ete mat vil bli favoriserte av naturleg seleksjon (Hart, 1986). Ved å minimere tid brukt på å leite etter byttedyr og beiting, vil fisken ha meir tid og energi til å bruke på andre aktivitetar som reproduksjon (Mills, 1989). Det vil alltid vere ein trade-off mellom beiting og predasjon for fisk. Når ein fisk har bestemt seg for å ete, så står han ovanfor fleire val (Hart, 1986). Det vil ofte vere nødvendig å leite etter mat, og fisken må velje ei retning for søkinga si. Mat er ofte fordelt flekkvis, så når den finn eit område med mat må den velje kor lenge den skal beite på den bestemte staden og kva byttedyr som vil vere passande å ta. (Sette inn kjelde i avsnittet her)

Wankowski og Thorpe (1979) dykka i elver i Central Highlands i Skottland. Her fann dei ut at "drift-feeding" er den mest vanlege metoden for å skaffe seg næring hjå lakseyngel. I tillegg er beiting på substratassosierte byttedyr vanleg. Vidare forskning har vist at drift-feeding står for ca. 75% av næringsinntaket, medan beiting på substratassosierte byttedyr står for 25% av næringsinntaket (Stradmeyer and Thorpe, 1987).



Fødeåtferd hjå fisk inneheld fleire komponentar, leiting, jaging, biting og fordøying. Det er fleire årsakar til at dette kan vere problematisk for fisk som har vakse opp ved klekkeri. Den første utfordringa for fiskane er å forstå kva som er mat. Tidlegare studiar har vist at steinar har vorte funne i mageinnhaldet til klekkerifisk (Ellis et al., 2002, Ellis and Nash, 1998), som gir grunn til å anta at dei har problem med å forstå at byttedyr er mat. Ein sentral forskjell blant fôret dei får ved klekkeri og byttedyra, er at byttedyra bevegar på seg. Klekkerifisk er vane med å ete fôr som ofte legg seg på botnen av karet, medan byttedyr anten vil drifte gjennom vatnet ved ”drift-feeding”, eller bevege seg på substrata. Her kan fisken få utfordringar med å fange byttedyra. Naturlege måtar lakseyngel skaffar seg mat på, er hovudsakleg ved drift-feeding og beiting på substratassosierte byttedyr. Drift-feeding er den mest vanlege måten, og inneber at laksen stiller seg mot straumen, og tek byttedyr som drifrar forbi. Lakseyngel et vanlegvis medan dei held ein ”stasjon” i ein vasstraum (Wańkowski and Thorpe, 1979). Å skaffe seg næring inneber å lokalisere eit byttedyr, og deretter fange og ete byttedyret (Wańkowski, 1977, Wańkowski and Thorpe, 1979).

#### 1.4. Eit rikare oppvekstmiljø

Hjå mange dyr er tidleg erfaring viktig i utviklinga av passende åtferd til livet som vaksen (Braithwaite and Salvanes, 2005)(kjelde). Sosiale interaksjonar, søkje etter og ete levande byttedyr, interaksjon med strukturelle omgivadar og eksponering for predatorar er alle faktorar som fisk vil få erfaring med i naturen, og som er med på å utvikle passende åtferd (Moberg et al., 2011). Å vekse opp på eit klekkeri forbereder fisk i lita grad på overgangen til naturen (Braithwaite and Salvanes, 2005)

Å gjere eit oppvekstmiljø rikare (”environmental enrichment”) er eit prinsipp som søkjer å auke kvaliteten på miljøet for dyr i fangenskap, og sørgje for stimuli frå omgivnadane som er nødvendige for å utvikle optimal psykologisk og fysiologisk helse (Shepherdson, 1998). For oppdrett av dyr, har dette prinsippet blitt meir og meir viktig (Reading et al., 2013) I dag er det generelt konsensus om at eit rikare oppvekstmiljø vil betre kvaliteten til dyr som blir oppfostra i fangenskap (kjelde).

Dette har òg vist seg å vere gjeldande for fisk. Fleire tidlegare studiar har forska på om det å gjer oppvekstmiljøet rikare kan ha ei effekt på utviklinga til fisk. Å la klekkerifisk bli eksponerte for strukturar i oppveksten har blitt ein vanleg metode for å sørge for at individa utviklar meir kompleks åtferd, og dermed har større suksessrate for overleving ved utsetjing (Salvanes and Braithwaite, 2005, Reading et al., 2013). Åtferda hjå desse fiskane er meir

fleksibel og variert. Dette gjer at dei er i betre stand til å utvise åtferd som er passande for miljøet. Forsking har blant anna vist at eksponering for strukturar i oppveksten har gjort at fisk brukar lenger tid på å forlate skjulestadar (Roberts et al., 2011), forbetra læringsevne i ei romleg oppgåve (Salvanes et al., 2013) og er sosialt dominante ovanfor fisk oppfostra i enklare miljø (Berejikian, 1995). Eit studie på torsk oppfostra i eit rikt miljø viste at dei hadde auka kompleksitet i åtferd (Salvanes et al., 2007).

### 1.5. Fødeåtferd i eit rikare oppvekstmiljø

I eit klekkeri vil det vere problematisk å simulere søking etter byttedyr, då fiskane ofte er plasserte i oppvekstkar med avgrensa storleik. I tillegg er normalt sett for den einaste næringa fisk på klekkeri får. For å overleve i naturen er det heilt avgjerande at fiskane har evne til å kunne ete dei byttedyra som fins i habitatet dei blir satt ut i. Effektiv eting er viktig for vekst, overleving og reproduktiv suksess (Sundstrom and Johnsson, 2001). Ofte er ikkje fisk som er oppvaks på klekkeri i stand til å ete byttedyr. Eit studie fann ut at torsk som var oppfostra ved klekkeri, brukte meir tid og fleire forsøk på å få tak i levande byttedyr (Steingrund and Fernö, 1997). Ved å samanlikne mageinnhald til klekkerifisk og vill fisk, fann eit studie ut at klekkerifisk hadde konsumert steinar (Ellis & Nash, 1998)(Ellis et al., 2002). Desse kan ha vorte etne ved ein feil, men sidan det kunne vart funne stein i magane til klekkerifisk og ikkje vill fisk, er det grunn til å anta at klekkerifisk konsumerer stein fordi det er dei som liknar mest på føret dei er vane med å få gjennom sin oppvekst.

Tidlegare studiar på fødeåtferd har vist at fisk som er oppvaks i naturen har vist at vill fisk starta å ete fortare, åt meir og konsumerte byttedyret meir effektivt enn klekkerifisk (Sundstrom and Johnsson, 2001). Eit anna prosjekt studerte om oppvekstmiljøet hadde betydning for evna fisken har til å lære seg to beiteoppgåver: lokalisering av mat i ein labyrint og å finne eit kryptisk byttedyr (Adriaenssens and Johnsson, 2011). Dei fann at klekkerifisk viste raskare læringsevne enn vill fisk når dei beita på kryptiske byttedyr, men dette verka som det var meir basert på motivasjon enn kognitive ferdigheiter. Generelt sett blir det antatt at fisk som er oppvaks i rikare oppvekstmiljø, har meir passande åtferd for utsetjing.

Å skaffe seg næring er eit av hovudoppgåvene for overleving hjå alle dyr. Difor er det viktig at fisk frå klekkeri har utvikla ei fødeåtferd som er passande. Denne oppgåva skal fokusere på påverking av oppvekstmiljø i forbindelse med fødeåtferd. For å studere dette har det blitt gjennomført eit laboratorieeksperiment med lakseyngel. Gjennom ein periode på 15 veker, blir yngelen anten plassert i eit konvensjonelt, tomt kar utan strukturar, eller i eit rikare

kar som inneheld strukturar. Formålet med strukturane er å simulere eit rikare og meir reelt oppvekstmiljø enn dei tomme kara som er standarden på mange klekkeri. Yngelen har berre fått fôr før eksperimentet startar, uavhengig av om dei har vorte eksponert for strukturar gjennom oppveksten, eller ikkje. Målet er å finne ut om det er ein forskjell i evna yngelen har til å ta levande byttedyr, basert på kva oppvekst dei har hatt.



## 2. Material og metode

For å finne ut om oppvekstmiljø har betydning for fødeåttferd hos lakseyngel, er det valt å gjennomføre følgjande metode.

### 2.1 Klekkeriet

#### 2.1.1 Forhold ved klekkeriet

Yngelen som vart nytta til eksperimentet kjem frå Voss Klekkeri, som får rogn frå Haukvik Kraft – Smolt AS, som har stamfisk frå Vossoelva. Under opphaldet på klekkeriet blei rogn oppbevart i CompHatch klekkesystem frå Alvestad Marin, ved naturleg temperatur for det opphavelge vassdraget. Dato for klekking blir av klekkeriet satt til den dagen ca. 50% av rognen er klekt. For yngelen nytta i denne oppgåva, er denne datoen 20.04.15. Dei klekte på klekkeriet litt tidlegare enn dei ville gjort i naturen. Dette var på grunn av at temperaturen under opphaldet i genbanken, var høgare enn temperaturen på klekkeriet. Yngelen blei klekt i klekkesystema og der opphaldt dei seg til plommesekken var brukt opp. Den 27.05.15 vart dei overført til grøne kar med tre meter i diameter. Her fekk yngelen føret *start 015-020* frå EWOS, ved hjelp av føeringsautomatar. Det var konstant 24-timars lys under føeringsperioden.

#### 2.1.2. Transportering til Institutt for Biologi

501 lakseyngel blei transportert frå Voss Klekkeri til Institutt for Biologi (UiB) i Bergen, den 30.09.2015. Dei blei frakta i doble plastikkposar med 10L ferskvatn frå elva og 40L tilført oksyngengass ( $O_2$ ), som er ein standard metode brukt av klekkeriet for frakting av fisk. Kvar pose hadde ca. 1 kg fisk, og kvar fisk vog ca. 8 gram på dette tidspunktet.


## 2.2. Oppvekst

Eksperimentet er delt inn i to periodar, ein oppvekstperiode og ein testperiode.

Ved ankomst 30.09.12, var yngelen 24 veker gamal. Oppvekstperioden føregjekk over 11-12 veker, frå ankomst til tidsrommet 14.12.15-20.12.15, avhengig av kva dag fisken skulle gjennom testperioden.

Gjennom oppvekstperioden opphaldt fisken seg i klimarom 12 ved Institutt for biologi i Bergen. Dette klimarommet har ti kar, der seks av dei blei nytta til eksperimentet (figur 2.1). Kva kar som skulle vere møblerte og kva som skulle vere umøblerte, vart avgjort ved loddtrekning for å unngå systematiske feil. På denne måten unngjekk vi til dømes at alle møblerte kar var nærmast døra og fekk større grad av forstyrningar enn dei umøblerte. Ved

ankomst blei 501 fisk tilfeldig fordelt fem og fem, i dei seks kara dei skulle opphalde seg i gjennom oppvekstperioden. Fordelinga enda med 82-84 fisk i kvart av kara. Svart netting vart plassert over kara grunna for å unngå at fisken hoppa ut. Temperaturen var  $12^{\circ}\text{C} \pm 0,2$  gjennom heile oppvekstperioden (vedlegg). Lys kom frå lysarmaturar som hang over tankane, og var gitt i 12-timarsintervallar, med lys frå 08.00 til 20.00 og mørke frå 20.00 til 08.00, kvart døgn.



Figur 2.1. Oversikt over klimarom 12. Alle oppvekstkara fekk ferskvatn frå nivåtank a.

Dei seks kara som vart nytta til oppvekstkar er vist på figur 2.1. av klimarom 12. Desse var identiske, lysgrå kar med avrunda kantar og storleik 1x1 meter. Vasstanden var på ca. 0,6 meter. Oppvekstkara hadde gjennomstrøyming som gjekk mot klokka i alle kar. Gjennomstrøyminga var på 4L i minuttet, og blei kontrollert og regulert kvar måndag. Tre av oppvekstkara (1M, 4M, 5M) hadde strukturar for å simulere eit reelt oppvekstmiljø for lakseyngel. Desse strukturane bestod av lysgrøne, oppskorne, kvadratiske plastrøyr som var limt saman, og plastikkplantar (figur 2.2). Totalt var det tre store strukturar, åtte små strukturar og to plastikkplantar i kvart av oppvekstkara. Desse strukturane dekkja ca. 40% av grunnflata i kara, og var identiske får kar til kar. Dei resterande tre (2U, 3U, 6U) var enkle og

hadde ingen strukturar, slik som vanlege kar på klekkerier. Kara med strukturar blir heretter referert til som møblerte kar, og dei utan strukturar blir referert til som umøblerte kar.

Oppvekstkar 4M var plassert midt i mellom to lysarmaturar, og hadde difor litt lågare lysintensitet enn resten av oppvekstkara. Oppvekstkar 1M var nærmast døra, som vist på figur x, og kan difor ha opplevd meir forstyrningar enn resten.

a)



b)



Figur 2.2. Døme på oppvekstmiljøa. a) viser oppvekstmiljø som inneheld strukturar (møblert), og b) viser typisk oppvekstmiljø utan strukturar (umøblert).

### 2.2.1. Fôring

Yngelen fekk fôret *Micro 5* frå EWOS gjennom heile oppvekstperioden. Fôret vart sleppt ned i karet ved hjelp av automatiske fôrautomatar gjennom delen av døgnet med lys. Ved ankomst fekk fisken 11g fôr per dag, og skulle vidare ha fôr gitt ved tabell frå klekkeriet (sjå vedlegg). Denne vart fylgt i starten, men mykje fôrrestar gjorde at mengda vart redusert. Siste fôring på 13,5g vart gjennomført 20.12.15, dagen før eksperimentet vart avslutta.

### 2.2.2. Tilsyn

I perioden fisken opphaldt seg i klimarom 12, blei det røkta kvar dag ved hjelp av ein slange og hevertprinsippet, for å fjerne fôrrestar og avføring. For å unngå uønskte feil fekk kvart kar like mykje tilsyn gjennom heile oppvekstperioden, med unntak av reingjering av møblar kvar måndag, i oppvekstkara med strukturar. Desse vart då skikkeleg reingjort med grønsåpe for å unngå uønskt algevekst, og posisjonen deira vart endra. For å kompensere for at oppvekstkara

med møblar fekk meir forstyrning, vart det ”rota” i dei andre kara, tilsvarande den tida som vart brukt på dei møblerte oppvekstkara.

### 2.2.3. Øvrig

Ingen fisk døydde under oppvekstperioden, men ein frå oppvekstkar 1M vart avliva, på grunn av dårleg utvikling og unormal åtferd. Denne var mykje mindre enn resten, symja mykje høgare i vassøyla enn resten og reagerte ikkje på stress.

## 2.3. Eksperimentelt oppsett

### 2.3.1. Piloteksperiment

Det vart gjennomført fleire rundar med piloteksperiment i forkant av eksperimentet. Formålet med desse var å sørge for at metoden kunne nyttast for å finne ut om oppvekstmiljø har betydning for fødeåtferd hos lakseyngel. Hovudprioriteringa før start var å sørge for at byttedyra var attraktive for yngelen.

Det første piloteksperimentet vart utarbeida med bakgrunn i to tidlegare studiar (Braithwaite and Salvanes, 2005, Moberg et al., 2011) og personlege samtalar med hovudrettleiar (Salvanes, 2015). Metoden til piloteksperimentet innebar å plassere ein fisk i ein testboks etter den har blitt svelta i 24 timar. I testboksen var det ei svart plate i midten som kunne heisast opp. Fisken vart plassert på den eine sida, medan ti byttedyr vart plasserte i ein sylindar som skulle heisast opp ved start. Når fisken vart plassert oppi skulle den akklimatisere i ti min på si side av plata, før plata vart heist opp, og deretter sylindaren som byttedyra var i. Så vart det filma i 15 min. Etter å ha testa 15 fisk i dette piloteksperimentet var det ingen resultat å hente. Ingen av fiskane hadde tatt byttedyr, og det var særst lite aktivitet i testboksen. Dei fleste fiskane symde til eit hjørne og vart ståande der i heile perioden dei vart filma.

Diskusjonar kring årsaken til mangel på resultat i første piloteksperiment, førte til ei hypotese om at fisken kunne vere for stressa åleine, utan selskap. Eit studie på læringstest og isolasjon hos ciklader (*Cichlasoma paranaense*) viste at fisk som ikkje hadde vore isolerte hadde større sjans for å lære (Brandao et al., 2015). Tidlegare studiar har brukt fleire fisk som sosial stimuli, i ein lukka del av sine testboksar, med til dømes glasplater mellom testfisken og fiskane nytta til sosial stimuli (Moberg et al., 2011). Då dette var krevjande å få til, vart det bestemt å prøve ei enklare løysing med to fisk i same boks i neste piloteksperiment. Metoden var nøyaktig lik som i det første piloteksperimentet, med unntak



av at det var to fisk i kvar testboks, begge på same side av plata. 20 nye fisk, 10 par, gjekk gjennom dette piloteksperimentet, men ingen hadde tatt byttedyr og det var framleis mangel på aktivitet blant fiskane.

Dei fleste fiskane hadde stort sett brukt tid på å fryse i dei to første pilotane, noko som kan tyde på høgt stressnivå. Ny metode måtte utarbeidast til tredje piloteksperiment. Denne er vald på bakgrunn av dei same to studia, i tillegg til ein idé om at lenger tid i ein testboks kanskje kunne føre til mindre stress. I tillegg viste tidlegare studie på takling av stress hos torskeyngel at den trong 1,5 time på å kome seg frå ei stressande hending (Artigas et al., 2005). Akklimatiseringa skjedde også i testboksen, slik at fisken var vant med omgivnadane før teststart. 36 timar vart satt av til akklimatisering i testboksen, i staden for 24 timar, for å få ei potensiell auke i resultat. Dermed var det einaste stressmomentet fisken blei utsatt for, forstyrningar i forbindelse med slepp av byttedyr i boksen. Etter 36 timars akklimatisering var over, fekk fisken byttedyr og vart filma i 4,5 timar. For å få mest mogleg ut av resultat, vart det bestemt å hente ut byttedyra etter ytterlegare 1,5 time, altså 6 timar etter start. Tidlegare forsøk har og utnytta tid på denne måten (Strand et al., 2010). 10 fisk vart testa i denne piloten, men utan ønska resultat. Ingen hadde tatt byttedyr, men aktivitetsnivået blant fisken hadde auka.

Sidan aktivitetsnivået var høgare i det tredje piloteksperimentet enn i dei to første, var det bestemt at den fjerde piloten skulle ha nøyaktig same oppsett som den tredje, men med to fisk i kvar testboks. Etter 20 fisk hadde vorte testa og ca. halvparten hadde tatt byttedyr, vart det avgjort å nytte denne metoden i oppgåva. Dette var også fordi denne metoden gav moglegheit til å sjå på endring over tid.

### 2.3.2. Eksperiment

Fiskane vart testa i par grunna mangel på resultat under pilotforsøka (sjå 2.3.1). 48 par vart tilfeldig vald ut, 8 par frå kvart kar. Det var nødvendig å skilje fiskane i kvart par frå kvarandre, fordi det skulle registrerast tidsbruk på kvar enkelt fisk. For å skilje fiskane frå kvarandre, fekk kvar enkelt fisk tildelt eit individnummer,  $V_{x-y}$ , der  $x$  representerer kva par fisken er i og  $y$  skil dei to fiskane i kvart par ( $y=1$  eller  $y=2$ ). Til dømes er dei to fiskane i det første paret merka  $V01-1$  og  $V01-2$ . Kva fisk som skulle testast på kva dag, og i kva boks, vart avgjort ved loddrekning (vedlegg A).

Tabell 2.1. Oversikt over kva fisk som vart testa på kva dag, kva oppvekstmiljø dei hadde hatt og kva oppvekstkar dei stamma frå. Starttidspunkt er estimert til å vere det same per tre kar.

Testdag	Par-nummer	Individ-nummer fisk 1	Individ-nummer fisk 2	Oppvekst	Oppvekstkar	Starttidspunkt
15.12.15	V01	V01-1	V01-2	Møblert	5M	08.03
	V02	V02-1	V02-2	Umøblert	3U	08.03
	V03	V03-1	V03-2	Møblert	4M	08.03
	V04	V04-1	V04-2	Umøblert	2U	08.07
	V05	V05-1	V05-2	Møblert	5M	08.07
	V06	V06-1	V06-2	Umøblert	3U	08.07
	V07	V07-1	V07-2	Møblert	5M	08.09
	V08	V08-1	V08-2	Møblert	1M	08.09
	V09	V09-1	V09-2	Møblert	1M	08.09
	V10	V10-1	V10-2	Møblert	4M	08.12
	V11	V11-1	V11-2	Umøblert	6U	08.12
	V12	V12-1	V12-2	Møblert	5M	08.12
17.12.15	V13	V13-1	V13-2	Umøblert	2U	08.00
	V14	V14-1	V14-2	Umøblert	6U	08.00
	V15	V15-1	V15-2	Møblert	1M	08.00
	V16	V16-1	V16-2	Umøblert	3U	08.04
	V17	V17-1	V17-2	Umøblert	2U	08.04
	V18	V18-1	V18-2	Umøblert	3U	08.04
	V19	V19-1	V19-2	Umøblert	6U	08.06
	V20	V20-1	V20-2	Umøblert	2U	08.06
	V21	V21-1	V21-2	Umøblert	6U	08.06
	V22	V22-1	V22-2	Umøblert	3U	08.09
	V23	V23-1	V23-2	Møblert	5M	08.09
	V24	V24-1	V24-2	Umøblert	2U	08.09


Testdag	Par-nummer	Individ-nummer fisk 1	Individ-nummer fisk 2	Oppvekst	Oppvekstkar	Starttidspunkt
19.12.15	V25	V25-1	V25-2	Møblert	1M	07.58
	V26	V26-1	V26-2	Møblert	4M	07.58
	V27	V27-1	V27-2	Umøblert	3U	07.58
	V28	V28-1	V28-2	Møblert	1M	08.02
	V29	V29-1	V29-2	Møblert	5M	08.02
	V30	V30-1	V30-2	Umøblert	6U	08.02
	V31	V31-1	V31-2	Umøblert	6U	08.04
	V32	V32-1	V32-2	Umøblert	3U	08.04
	V33	V33-1	V33-2	Møblert	4M	08.04
	V34	V34-1	V34-2	Møblert	4M	08.08
	V35	V35-1	V35-2	Møblert	1M	08.08
	V36	V36-1	V36-2	Umøblert	2U	08.08
21.12.15	V37	V37-1	V37-2	Møblert	4M	08.00
	V38	V38-1	V38-2	Møblert	1M	08.00
	V39	V39-1	V39-2	Umøblert	6U	08.00
	V40	V40-1	V40-2	Møblert	1M	08.04
	V41	V41-1	V41-2	Møblert	4M	08.04
	V42	V42-1	V42-2	Møblert	4M	08.04
	V43	V43-1	V43-2	Umøblert	6U	08.07
	V44	V44-1	V44-2	Møblert	5M	08.07
	V45	V45-1	V45-2	Umøblert	3U	08.07
	V46	V46-1	V46-2	Møblert	5M	08.09
	V47	V47-1	V47-2	Umøblert	2U	08.09
	V48	V48-1	V48-2	Umøblert	2U	08.09

Eksperimentet blei utført i klimarom 3, som hadde fire grå kar identiske til oppvekstkara på klimarom 12. I kvar av desse vart det plassert tre testboksar. Som vist på Figur 2.4, stod desse boksane heilt inntil kvarandre. For at fiskane ikkje skulle bli forstyrre av fisk i dei andre boksane, blei det lagt svart stoff mellom kvar boks.


45-liters transparente testboksar blei nytta til eksperimentet (lengde=57cm, breidde=39cm, høgde=28cm). Vasstanden var ca. 20 cm. Glasplater vart lagt på toppen av kvar boks for å hindre fisk frå å hoppe ut.

Lange transparente slangar blei nytta for å tilføre ferskvatn til kvar boks som vist på

Figur 2.4. Øvst på den eine breiddesida av kvar boks, var det eit hol som slangen vart kopla til, som vist på figur 2.3. Det tok 20-30 min å fylle boksane, avhengig av kor langt det var frå nivåtank N til den gitte boksen. I tillegg hadde alle testboksane fem hol på breiddesida ved 20cm høgde, der vatnet kunne renne ut (figur 2.3). Dette var for å skape gjennomstrøyming i boksane og sikre tilførsel av godt ventilert vatn gjennom tida fisken opphaldt seg i boksen. Alle testboksane var utan strukturar. Klimarommet hadde lysarmaturar med same lysintervall som oppvekstrommet.



Figur 2.3. Viser breiddesida av testboksen, og kvar vatn kjem inn og renn ut.



Figur 2.4. Skjematisk oversikt over det eksperimentelle oppsettet. B1-B12 gir dei ulike boksane fiskane vart testa i, og dei blå linjene representerer vasstilførselen til kvar boks frå nivåtank N.

### 2.3.3. Byttedyr

Kvite flugelarvar (maggot) kjøpt på Sportsdepotet i Bergen, og raude flugelarvar (maggot) kjøpt på Kleven jakt & fiske AS, vart nytta som byttedyr. Desse blir mykje brukt som agn i sportsfiske og er ei god simulering av naturlege byttedyr for lakseyngel. Yngelen hadde ikkje vorte eksponert for desse byttedyra før.


### 2.3.4. Akklimatisering og gjennomføring

Testfiskane blei henta ut parvis frå kvar tank ved bruk av hov, og frakta til testboksane i 5L bøtter. Kva fisk som blei vald ut, blei avgjort på augemål basert på gjennomsnittleg storleik i forhold til resten av fiskane i oppvekstkarer. Gjennomsnittleg vekt og lengde på testfiskane var høvesvis 20,9 gram (standardavvik 3,5) og 13 cm (standardavvik XXX).

Akklimatiseringa føregjekk i 36 timar i boksane som fiskane skulle filmast i. Ingen typar før eller byttedyr blei gitt desse 36 timane. Under akklimatiseringa hoppa begge fiskane

i par V34 ut, samt ein fisk i V04 og ein i V10. Desse vart eliminert frå datasettet under analyseringa.

Mellom kl. 08.00 og 08.30 på testdagen, etter at akklimatiseringa var over, vart forsøket starta. Kamera vart slått på, også vart fem raude og fem kvite byttedyr slept ned i midten av boksen. For å få byttedyra opp i testboksen, måtte glasplatene flyttast på. Dette skapte litt forstyrningar for fisken, men var likt for alle testpara.



Figur 2.5. Oversikt over testboksen, sett ovanfrå. To fisk i kvar boks i tillegg til fem raude byttedyr og fem kvite byttedyr.

### 2.3.5. Innsamling av data

Forsøka vart filma ovanfrå i 4,5 timar med Canon Legria HF R506. Kvart kamera filma 3 testboksar på same film. For å maksimere moglege resultat, tok det ytterlegare 1,5 timar før fisken vart henta ut og attverande byttedyr vart tald opp.

### 2.3.6. Avliving

Testfiskane blei avliva rett etter forsøka var avslutta, med ei overdose Metacain (0,25g/5L). Fisk som ikkje vart nytta til forsøka, vart avliva i 5L-bøtter med ei overdose Metacain 0,35g/5L, ca. 30 fisk per bøtte. Fisken si vekt og lengde vart registrert etter avliving.

## 2.4. Analysane

### 2.4.1. Videoanalysering

Videoane blei analysert ved bruk av videoredigeringsprogrammet iMovie (versjon 10.1.3) og eit program nytta til analysing av åtferd, JWatcher (versjon 1.4.2). Ved hjelp av iMovie har ein moglegheit til å redigere ut ønska tidsintervall og sette desse saman til ein film. Det blei vald ut ni tidsintervall i dei 4,5 timane som vart filma, som analysane blir baserte på. Desse tidsintervalla er (gitt i minutt): 0-1, 4-5, 14-15, 29-30, 59-60, 89-90, 119-120, 179-180 og 239-240. I tillegg blei det etter 360 minutt registrert talet på attverande raude og kvite byttedyr.

Data vart henta ut på følgjande to måtar:

1. Registrering av tid brukt på ulike åtferder i tidsintervalla. Til dette vart programmet JWatcher (versjon 1.4.2) nytta. JWatcher er eit gratis verktøy som nyttast til kvantitativ analysing av åtferd utført av ein menneskelig observatør (Jwatcher, kjelde). Ved å trykke på førehandsdefinerte kodar (tabell 2.4) vart tidspunkt for ulike åtferdsendingar loggført i millisekund. Resultatet av åtferdsregistreringa i JWatcher resulterte i ei fil på dat-format, per fisk. Filnamnet vart satt til individnummeret til fisken. Denne fila innehaldt tidspunkt og kode for dei ulike åtferdene, i dei ni minutta. Videoen i iMovie og registreringa av observert åtferd i JWatcher blei starta parallelt ved å legge inn ei forseinking av start i iMovie. Registreringa føregjekk ved at det vart trykt på kodane i JWatcher når fisken endra åtferd. Tabell 2.4. beskriv dei ulike åtferdene som vart registrert.

Eit problem som oppstod med denne måten å registrere åtferd på, var at tida som blei registrert i JWatcher ikkje tilsvare den reelle tida. Til dømes var det ved tid 2.03 i JWatcher vere 14.03 i reell tid. Dette vart seinare løyst i den statistiske delen av analysane (sjå vedlegg X for R-syntaks).

2. Etter avslutta registrering av tid brukt på ulike åtferder i JWatcher, vart det tald opp antall raude og kvite byttedyr på slutten av kvart tidsintervall. Dette vart gjort ved å pause det siste sekundet i kvar tidsintervall, slik at det var mogleg å telje byttedyr som var att. Utfordringar med å sjå kvite byttedyr til den lyse bakgrunnen i filmane, vart løyst ved å legge på filter i iMovie ("duotone" og "røntgen") for å sikre at antall talde byttedyr var korrekt. På slutten av

eksperimentet, etter 360 minutt, vart det og tald opp antall raude og kvite byttedyr som var att. Denne informasjonen vart lagt inn i rådatasettet manuelt.

Tabell 2.2. Viser dei førehandsdefinerte kodane nytta i JWatcher, kva åtferd dei representerer og beskriving av dei ulike åtferdene som vart registrerte.

Kode nytta i JWatcher	Åtferd	Beskriving
d	Symje	Alle formar for bevegelse hos fisken. Både forflytting, og bevegelse på same stad.
f	Frys	Fisken frys til, står heilt i ro.
v	Interesse for mat	Fisken sym direkte mot eit eller fleire av byttedyra før retning endrast og fisken sym vidare utan å ete.
n	Mild interaksjon	Fysisk kontakt mellom fiskane
j	Kraftig interaksjon	Aggressiv åtferd. Fisken sym plutselig, hurtig og direkte mot den andre fisken.
k	Hyperaktiv	Tydeleg stress åtferd. Forsøk på å hoppe ut av boksen eller ekstreme bevegelsar som unormalt hurtig symjing.

#### 2.4.2. Rådatasett

Produksjon av rådatasett vart gjort ved hjelp av R (syntaks og datasett i vedlegg). Rådatasettet inkluderte tida kvar fisk hadde brukt på dei ulike minutta i kvart tidsintervall. I tillegg vart informasjon om antall attverande byttedyr i kvart tidsintervall omgjort til kor mange raude og kvite byttedyr som var ete. Dette vart lagt inn manuelt i datasettet med kumulative verdjar. Frå dette kunne nye variablar produserast i R (tabell 2.3).



Tabell 2.3: Oversikt over nye variablar produsert frå rådatasettet:

Variabel	Forklaring
Totalt ete	Totalt antall byttedyr (raude og kvite) testparet har ete i kvart tidsintervall.
Proporsjon totalt ete	Proporsjon av byttedyr testparet har ete i kvart tidsintervall
Proporsjon raude ete	Proporsjon av raude byttedyr testparet har ete i kvart tidsintervall
Proporsjon kvite ete	Proporsjon av kvite byttedyr testparet har ete i kvart tidsintervall
Tid symjing	Summen av tid brukt på åtferda "sym" i kvart tidsintervall
Tid frys	Summen av tid brukt på åtferda "frys" i kvart tidsintervall
Tid mild interaksjon	Summen av tid brukt på åtferda "mild interaksjon" i kvart tidsintervall
Antall åtferdsendingar	Antall gongar fisken endrar åtferd i det gitte tidsintervallet

Antall byttedyr som er ete i kvar boks representerer kor mange byttedyr testparet har ete totalt. Årsaken til dette, er at det ikkje var mogleg å finne ut kven av fiskane som hadde ete kvart byttedyr, sidan analysane er baserte på gitte tidsintervall og ikkje heile filmen. I datasettet er det lagt inn kumulativt antall byttedyr testparet har ete, hos begge individane i kvart par. Summen av byttedyra blir dermed dobbelt så stor som den eigentleg er. Dette er korrigert for i byrjinga av modelltilnærmingane i R (vedlegg D-i).

Tid nytta på dei tre resterande åtferdene (matinteresse, kraftig interaksjon og hyperaktiv) har det ikkje blitt laga nye variablar for. Dette er fordi tid brukt på desse åtferdene er så liten at dei ikkje er hensiktsmessig å analysere.

90 fisk var totalt gjennom eksperimentet, sidan fire fisk hoppa ut av testboksane under akklimatiseringa.

### 2.4.3. Statistisk analyse

All modellering og plotting av resultat er gjennomført i R (versjon 3.2.4). Alle modelltilnærmingane er basert på ein *generalized linear mixed-effect model* (GlmmPQL). Denne type modell kan nyttast når verdiane er binomiske, og ein må ta omsyn både til bestemte og tilfeldige effektar. Den tilfeldige effekten som blir tatt omsyn til i modellane, er oppvekstkara fiskane stammar frå. Dette er med tanke på at det kan vere forskjellar mellom oppvekstkara. I tillegg vart alle modellar også gjennomført med ein generalisert lineær modell (glm). Dette var for å kontrollere om den tilfeldige effekten har stor påverknad eller ikkje. Det statistiske signifikansnivået vart satt til 0.05 for alle modellane.

Dei fleste analysane baserar seg på kor mange byttedyr kvart testpar har ete. I tillegg er det sett på kor mykje tid kvar individuell fisk brukar på dei tre ulike åtferdene symjing, frys og mild interaksjon.

Sidan ein fisk i par V04, ein fisk i par V10 og begge fiskane i par V34 hoppa ut, var det færre fisk frå oppvekstkara dei stamma frå enn resten. Dette blir tatt hensyn til i glmmPQL-modellen.

#### 2.4.3.1. Fødeåtferd

For å kartlegge fødeåtferda hos yngelen, vart det avgjort å nytte glmmPQL-modellar for å sjå på kumulative proporsjonar byttedyr dei et over tidsperioden, proporsjon byttedyr dei har ete totalt, proporsjon boksar der yngelen har ete og tid dei har brukt på ulike åtferder.

Effekt av oppvekstmiljø og tid på proporsjon byttedyr ete vart analysert ved bruk av følgjande modell:

```
fit.glmm <- glmmPQL(Proporsjon byttedyr ete totalt~Tid*Oppvekst,
  random=~+1|Oppvekstkar, family='quasibinomial', data=data.df)
```

Proporsjon byttedyr fiskane hadde ete totalt vart analysert ved bruk av følgjande kode:

```
fit.glmm <- glmmPQL(Proporsjon byttedyr ete totalt~Oppvekst, random=~+1|Oppvekstkar,
  family='quasibinomial', data=data.df)
```

Proporsjon boksar (testpar) der fiskane hadde tatt byttedyr vart analysert ved bruk av følgjande kode:

```
fit.glm <- glmPQL(Tatt.maggot~Oppvekst, random=~+1|Oppvekstkar, family='binomial',  
data=data.df)
```

For tidsbruk var følgjande kode brukt:

```
fit.glm <- glmPQL(Tid brukt på den gitte åtferda~Tid*Oppvekst,  
random=~+1|Oppvekstkar, family='quasibinomial', data=data.df)
```




### 3. Resultat

#### 3.1. Fødeåtferd


Fødeåtferda hos yngelen vart kartlagd hovudsakleg ved hjelp av gangen i kumulativ proporsjon byttedyr dei tek over tidsperioden. Totalt sett hadde fiskane ete i halvparten av boksane, og tatt 1/3 kvite byttedyr og 2/3 raude byttedyr.

##### 3.1.1. Kumulativ proporsjon byttedyr ete



*Figur 3.1.1.1. Kumulativ proporsjon byttedyr ete gjennom seks timar. Plottet visar kor stor proporsjon byttedyr fiskane har tatt ved dei ulike tidspunkta, basert på oppvekstmiljø. Møblert gruppe er representert ved fylte punkt og tjukk linje, medan umøblert gruppe har tomme punkt og tynn linje. Punkta representerer gjennomsnittsverdien for testpara ved kvart tidspunkt.*

Gangen i kor mange byttedyr fiskane tek avhenger av kva oppvekstmiljø dei stammar frå. Etter kvart som fisk frå møblert oppvekstmiljø startar å ete, har dei ei brattare stigning i antall byttedyr dei konsumerer enn dei frå umøblert oppvekstmiljø (glmmPQL; interaksjon tid\*oppvekst;  $t=-3,576$ ,  $p<0.001$ ).




Figur 3.1.1.2. Kumulativ proporsjon raude og kvite byttedyr ete gjennom seks timar. a) viser kor stor proporsjon raude byttedyr fiskane har tatt ved ulike tidspunkt og b) viser proporsjon kvite byttedyr fiskane har tatt ved dei ulike tidspunkta, basert på oppvekstmiljø. Møblert gruppe er representert ved fylte punkt og tjukk linje, medan umøblert gruppe har tomme punkt og tynn linje. Punkta representerer gjennomsnittsverdien for testpara ved kvart tidspunkt.

Konsum av raude og kvite byttedyr vart analyserte kvar for seg. Gangen i proporsjon raude byttedyr fiskane tek avhenger av kva oppvekstmiljø dei stammar frå. Etter kvart som fisk frå møblert oppvekstmiljø startar å ete, har dei ei brattare stigning i proporsjon raude byttedyr dei konsumerer (glmmPQL; interaksjon tid\*oppvekst;  $t=-3,521$ ,  $p<0.001$ ).

Sjølv om fisk frå møblert oppvekstmiljø har ei brattare stigning i proporsjon (figur. 3.1.1.2b) kvite byttedyr dei konsumerar, er det ingen signifikant forskjell på dei to gruppene (glmmPQL; interaksjon tid\* oppvekst;  $t=-0.696$  ;  $p=0.487$ ).


### 3.1.2. Kumulativ proporsjon byttedyr ete i boksar kor fisken har ete

Ser her på det same som i resultatane over, men fokuserer berre på boksar der fiskane har tatt minst eit byttedyr. Det vil seie at alle boksar der fiskane ikkje har tatt byttedyr, er ekskludert frå analysane.



*Figur 3.1.2.1. Kumulativ proporsjon byttedyr ete gjennom seks timar, i boksar kor fiskane har ete. Plottet visar kor stor proporsjon byttedyr fiskane har tatt ved dei ulike tidspunkta i boksar med predasjon, basert på oppvekstmiljø. Møblert gruppe er representert ved fylte punkt og tjukk linje, medan umøblert gruppe har tomme punkt og tynn linje. Punkta representerer gjennomsnittsverdien for testpara ved kvart tidspunkt.*

I boksar med predasjon er gangen i kor stor proporsjon byttedyr fiskane tek forskjellig avhengig av kva oppvekstmiljø dei stammar frå. Stigninga i proporsjon byttedyr dei konsumerer er forskjellig (glmmPQL; interaksjon tid\*oppvekst;  $t=-3.601$ ;  $p<0.001$ ).




Figur 3.1.2.2. Kumulativ proporsjon raude og kvite byttedyr ete gjennom seks timar, i boksar kor fiskane har ete. Plottet visar kor stor proporsjon raude (a) og kvite (b) byttedyr fiskane har tatt ved dei ulike tidspunkta i boksar med predasjon, basert på oppvekstmiljø. Møblert gruppe er representert ved fylte punkt og tjukk linje, medan umøblert gruppe har tomme punkt og tynn linje. Punkta representerer gjennomsnittsverdien for testpara ved kvart tidspunkt.

I boksar kor fiskane har ete, er gangen i proporsjon raude byttedyr fiskane konsumerer forskjellig, avhengig av kva oppvekstmiljø dei har hatt (glmmPQL; interaksjon tid\*oppvekst;  $t=-2,65$ ;  $p=0.009$ ).

Det er ingen forskjell i gangen til proporsjon kvite byttedyr fiskane har ete i boksar kor fiskane har ete byttedyr (glmmPQL; interaksjon tid\*oppvekst;  $t=-0.081$ ;  $p=0.936$ ).




### 3.1.3. Proporsjon ete totalt



Figur 3.1.3.1. Proporsjon byttedyr ete totalt, basert på oppvekstmiljø.


